

Vedtekter

Møre & Romsdal Gjetarhundlag



Første gang vedtatt 06.02.2010 - revidert 13.02.2021

Vedtekter for Møre og Romsdal gjetarhundlag.

1. Organisasjon.

Møre og Romsdal gjetarhundlag (MRGL) er ein ideel organisasjon, og skal ikkje drive forretningsvirksomheit. MRGL sitt arbeidsområde er Møre og Romsdal og MRGL skal drivast etter føringar gitt frå årsmøtet til MRSG.

MRGL har underlagt fylgjande lokallag:

- Nordmøre og Romsdal gjetarhundlag
- Midtre Møre gjetarhundlag
- Vestre Sunnmøre gjetarhundlag
- Indre Sunnmøre gjetarhundlag
- Midtnorge gjetarhundlag

Norsk Sau og Geit er raseklubb for border collie og working kelpie. Laget er fylkeslekken i raseklubben, og er i avlsspørsmål underlagt Gjetarhundrådet sitt avlsutval.

2. Laget sine oppgåver.

Laget har ansvaret for organiseringa og samordninga av gjetarhundarbeidet gjennom å stimulere til auka- og betre bruk av gjetarhund i fylket. Dette inneber mellom anna utdanning av instruktørar og domarar, tilstelling av kurs, og ansvar for at fylkesmeisterskap av høveleg vanskegrad vert arrangert. Vidare skal laget gjere uttak av hundar til noregsmeisterskapen etter på førehand kjende reglar og fastsette kvalifiseringsprøver.

Laget skal samordne og fordele prøvedatoar etter ynskje frå lokallaga.

Bruksprøve skal skrivast ut til dei ekvipasjane som har greid godkjend prøve.

Lokallaga skal orienterast om relevant gjetarhundstoff og -saker.

3. Medlemsskap.

Alle som er interesserte i gjetarhundarbeid kan verte medlemmar i laget gjennom sitt lokallag. Stemmerett har berre dei som er medlemmar i Norsk Sau og Geit. Tillitsvalde må og vera medlemmar av NSG.

4. Årsmøte.

Styret kallar inn til årsmøte, som skal heldast innan 15. februar.

Innkalling med sakliste, årsmelding, økonomirapport, forslag til arbeidsplan og budsjett for komande år, og valnemnda si tilråding, skal vere medlemne i hende seinast 10 dagar før årsmøtet. Saker medlemne ynskjer handsama på årsmøtet må vere styret i hende innan 20. januar. Leiar av MRSG skal tilsendast årsmøteinnkallinga, og utsending frå styret har møte- og talerett. Det same har alle medlemne etter §3. Stemmerett har dei valde utsendingane frå lokallaga med 1 utsending for kvar påstarta 10-tal av medlemmar.

Sakliste:

- a) Val av møteleiar, møtebokskrivar og to til å signere møteboka.
- b) Godkjenning av innkalling og sakliste.
- c) Årsmelding og økonomirapport.
- d) Innkomne saker.
- e) Arbeidsprogram og budsjett for komande år.
- f) Godtgjersle til tillitsvalde.
- g) Val av;
 - leiar for 1 år.
 - styremedlem(ar) for 2 år.
 - personleg(e) varamedlem(ar) for 1 og 2 år.
 - valg av 2 revisorer.
 - utsending til årsmøtet i MRSG.
 - valnemndsmedlem(ar) med funksjonstid 4 år.
- h) Eventuelt (drøftast, men ikkje stemmast over).

Omfram årsmøte kan krevjast av eit styrefleirtal, av 1/3 av medlemne eller styret i MRSG, og vert innkalla på same måten som ordinært årsmøte.

5. Styret.

Styret har leiar og 4 medlemmar. Leiaren vert vald særskilt på årsmøtet for eit år.

Styremedlemne vert valde for ei periode på to år. Styret konstituerar seg sjølv. Det er vedtaksført når minst tre medlemmar er til stades. Ved stemmelikskap avgjer leiaren saka med si dobbelstemme.

Styret står for den daglege drifta gjennom året. Det er ansvarleg for å få utført oppgåver som er pålagde gjennom vedtektene og av årsmøtet. Styret utarbeider forslag til arbeidsplan og budsjett for komande år som vert lagt fram på årsmøtet. Styret kan nemne opp underutval for å få utført sær oppgåver og gje mandat til slike.

Ein eventuell representant frå styret i MRSG har møte- og talerett på styremøta.

6. Valnemnd.

Valnemnda er samansett av ein person frå kvart lokallag. Styret gjev valnemnda arbeidsinstruks.

Nemnda skal ha forslag om;

- leiar for 1 år.
- styremedlem(er) for 2 år.
- personlig(e) varamedlem(er) for 1 og 2 år.
- godtgjersle til tillitsvalde

7. Godkjenning og vedtektsendring.

Desse vedtektene blei først godkjende på skipingsmøtet i Møre og Romsdal gjetarhundlag den 6. februar 2010. Forslag til vedtektsendring skal vere styret i hende minst tre månader før årsmøtet, og må ha 2/3 fleirtal. Vedtekter og vedtektsendingar må godkjennast av MRSG før dei er gyldige.

8. Opplysing av laget.

Opplysing av laget kan berre gjerast på eit ordinert årsmøte og må ha 2/3 fleirtal. Slikt vedtak skal godkjennast av årsmøtet i MRSG. Vert laget oppløyst skal eventuelle midlar brukast til å fremje gjetarhundarbeid i fylket.